

Arkivnr: 2018/17537-1

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.01.2019

**Nye tilskotsordningar til bibliotekføremål i 2019****Samandrag**

I budsjettet for 2019 er det vedtatt å styrke biblioteka ved å etablere ei ordning med utlysing av kr 200 000 til interkommunale prosjekt. Det er i tillegg vedtatt å etablere ei ordning med tilskot til organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland. Det er avsett kr 100 000 til føremålet. Midlane bør også kunne nyttast til individuelle søknader om støtte til etter- og vidareutdanning.

Det Felles Innvandrerråd i Hordaland samarbeider med Bergen Off. Bibliotek og Hordaland fylkesbibliotek om integreringsprosjektet *Rom for møte*. Prosjektet har fått totalt 2 420 000 kroner til aktivitet i Bergen og Hordaland frå 2016 fram til 2020 frå Gjensidigestiftinga. I 2019 har Hordaland fylkeskommune kr 250 000 til ulike prosjekt i fylket.

Eit overskot på kr 68 000 etter ein internasjonal bibliotekkonferansesom blei arrangert i Bergen i 2016, kan nyttast til 6 stipend til deltaking på World Library and Information Congress 2019, som skal haldast 24.-30. august i Aten, Hellas

På bakgrunn av dette blir det lyst ut 4 tilskotsordningar til bibliotekføremål i 2019.

**Økonomi:** Tilskota blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2019

**Klima:** Tilskota vil ikkje føre til større klimaavtrykk

**Folkehelse:** Tilgang til kompetanseutvikling, bibliotek og kulturtilbod har positiv effekt for enkelindivid, inkludering og deltaking

**Regional planstrategi:** Tiltaka er i tråd med Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

**Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtar tilskotsordningane til bibliotekføremål i 2019 slik det kjem fram av saka.
2. Ein stipendkomité bestående av leiarane ved Hordaland fylkesbibliotek, Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen på Vestlandet får fullmakt til å dele ut stipend til deltaking på World Library and Information Congress 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.12.2018****Bakgrunn**

I budsjettet for 2019 er det vedtatt å styrke biblioteka ved å etablere ei ordning med utlysning av kr 200 000 til tiltak vedtatt i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 til interkommunale prosjekt. Det er i tillegg vedtatt å etablere ei ordning med tilskot til organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland. Det er avsett kr 100 000 til dette føremålet. Midlane bør også kunne nyttast til individuelle søknader om støtte til etter- og vidareutdanning.

Det Felles Innvandrerråd i Hordaland samarbeider med Bergen Off. Bibliotek og Hordaland fylkesbibliotek om integreringsprosjektet *Rom for møte*. Prosjektet har fått totalt 2 420 000 kroner til aktivitet i Bergen og Hordaland frå 2016 fram til 2020 frå Gjensidigestiftinga. I 2019 har Hordaland fylkeskommune kr 250 000 til ulike prosjekt i fylket.

I 2016 arrangerte Hordaland fylkesbibliotek i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen i Bergen ein internasjonal bibliotekkonferanse i samband med World Library and Information Congress i Polen. Pre-konferansen hadde gode sponsorinntekter og gjekk med overskot på kr 68 000. Dette skal nyttast til stipend til deltaking på kongressen i 2019, som skal vere i Hellas.

På bakgrunn av dette blir det lyst ut 4 nye støtteordningar til bibliotekføremål i 2019.

**1. Prosjektilskot: Interkommunale bibliotekprosjekt**

Budsjett: kr 200 000

Ordninga skal bidra til å stimulere folkebiblioteka til samarbeid om arrangement knytt til bøker, lesing og formidling av bibliotekets innhaldsressursar, kopla til gjennomføring av Bokåret 2019. Midlane kan også nyttast til å styrke samarbeidet mellom bibliotek i etablerte samarbeidsregionar.

Kven kan søkje:

- Regionale biblioteksamarbeid.
- Kommunale folkebibliotek i samarbeid med minst ein annan kommune.

Kva kan støttast:

- Utvikling av tiltak og arrangement i samarbeid med andre kommunar.
- Koordineringsarbeid.
- Kompetanseheving i forum for samarbeid og deling av beste praksis.

Søknadsfrist: 15. februar

Støttenivå: Maksimalt kr 50 000

Sakshandsaming og vedtak:

Fylkesrådmannen førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i mars.

**2. Prosjektilskot: Kompetanseutvikling**

Budsjett: kr 100 000

Ordninga skal styrke den bibliotekfaglege kompetanse i folkebiblioteka i Hordaland. Midlane kan også nyttast til individuelle søknader om støtte til etter- og vidareutdanning.

Kven kan søkje:

- Organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette
- Tilsette i folkebiblioteka

Kva kan støttast (i prioritert rekkefølge):

1. Utgifter til organisering og gjennomføring av kurs og konferansar
2. Studieavgift på kompetansegivande etter- og vidareutdanning
3. Andre utgifter til etter- og vidareutdanning

Søknadsfrist: 15. februar

Støttenivå:

- maksimalt kr 40 000 til organisasjonar og institusjonar
- maksimalt kr 15 000 til individuelle søkjarar

Sakshandsaming og vedtak:

Fylkesrådmannen førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i mars.

### 3. Prosjektilskot: Rom for møte

Budsjett: kr 250 000

Ordninga har som formål å bidra til mangfald og betre integrering i Hordaland ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar der minoritetsspråklige kan møte lokale innbyggjarar på ein likeverdig måte rundt felles interesser

Kven kan søkje:

Kommunale folkebibliotek i Hordaland. Søkarar som har fått tildelt midlar for 2018, kan også søke for 2019.

Kva kan støttast:

- Tiltak for å skape gjensidige møteplassar i lokalsamfunna - for flyktningar, andre innvandrarar og lokalbefolkninga.
- Aktivitetar i samarbeid med lokale krefter, som innvandrarorganisasjonar eller lag og grupper til ulike føremål, blir prioritert.
- Vidareføring av gode, eksisterande tiltak til nye lokalsamfunn.
- Tilføre pågåande aktivitetar noko ekstra eller prøve ut nye aktivitetar.
- Materiale og arrangementsutgifter.
- Opp til 25 % av tilskotssummen kan vere frikjøp tilknytt større prosjekt for å administrere aktivitetar.

Søknadsfrist: 15.mars

Støttenivå: maksimalt kr 40 000

Sakshandsaming og vedtak:

Fylkesrådmannen førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i april.

### 4. Stipend IFLA 2019

Budsjett: kr 60.000

I 2016 arrangerte Hordaland fylkesbibliotek i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen i Bergen ein internasjonal bibliotekkonferanse i samband med World Library and Information Congress i Polen. Pre-konferansen hadde gode sponsorinntekter og gjekk med

overskot på kr 68 000. Midlane kan utlysast som stipend, slik at bibliotektilsette i Hordaland kan delta på World Library and Information Congress 2019, som skal haldast 24.-30. august i Aten, Hellas.

Kven kan søkje:

- Tilsette i folkebibliotek i Hordaland, Universitetsbiblioteket i Bergen eller på Høgskulen på Vestlandet

Søknadsfrist: 15.april

Støttenivå: 6 stipend á kr 10 000

Sakshandsaming og vedtak:

Fylkesrådmannen rår til at ein stipendkomité beståande av leiarane ved Hordaland fylkesbibliotek, Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen på Vestlandet vil dele ut stipenda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil få melding om tildeling. Dei som har fått antatt «paper» eller som skal delta med «poster», vil bli prioritert